


Forhåndsfres

Gjer deg klar til leir saman med patrulja/gruppa di.



- **Gjer 4 av 8 punkt.**
 - **Øv** på å sette opp lavo/telt (den typen de skal ha med på leir).
 - **Lag** dei byggverka de ønskar å ha på leirområde dykkar, i miniatyr.
 - **Øv** på å pakke sekken din, og gå ein tur (med sekken på) i 30 – 45 minutt. Husk drikkeflaske.
 - **Leik** Tante Knute saman med patrulja di.
 - **Finn** bilde av ulike typar portalar, eller teikn ein sjølv. Ha avstemming i patrulja, og lag ein modell av den.
 - **Ha** eit speidarmøte saman med ei anna patrulje. De kan gjere eit av punkta i forhåndsfresen, eller noko anna gøy.
 - **Lag** eit måltid på bål/gass til patrulja (eller minimum 5 stk). Planlegg kva de skal lage, kva de treng av ingrediensar og utstyr. Husk å rydde og vaske opp.
 - **Lag** eit venskapsband (det er mange ulike oppskrifter, f.eks på You Tube) som du tar med på leir og bytter med nokon frå ei anna gruppe.
- Ønskar de merket før leiren? Då kan gruppeledar sende inn bestilling frå 1.april.
- Om de ikkje bestiller før, må gruppeledar hente merka på leirkontoret på leiren.